

Såga om eldmørja* til han GEIR

*(Nyere forskning er usikker på kva dette er, men meiner at det må ha vore mat til dei ulike dyra)

Sumaren 11 hadde Elverumsingane mykje gaman saman. Dei flaug med skysiglarane sine. Dei flaug på ein slik måte at det var ofsleg mange hestar som drog dei avgarde med ei lang line. For å få lina attende hadde dei ein gamal gangar som var dugaleg tyrst og svolten på eldmørje. Den måtte foras opp til fleire gonger for dagen, medan dei nye gangarane knappast trong eldmørje kvar annan deg eller til og med skjeldnarene.

Ei tid på dagen så vart det slutt på eldmørje hjå Elverumsingane, men dei visste råd. Han Geir hadde noke eldmørje i eit skur, som han brukte til å koma seg heim med om han hadde fara for langt. Nokon, me er ikke viss på kven det var, fant ut at den eldmørja var like god som den som vi måtte handla hos handelsmannen. Den gamle gangaren fekk meir eldmørje og var nøgd med det og arbeide resten av dagen.

Då vi alle hadde samlast om kvelden og alle tykte at det hadde vore ei sær s gild samling reise dei fleste heim, mens nokon vart att.

Den fagre møya frå sydlandene hadde skipa til eit etegilde som han Geir og nokon fleir vart bedne på.

Medan det vart ete og drukke i godt lag så blei Geir fortald at nokon hadde brukt eldmørja hans. Då vart Geir arg og kvad: Hinmannen... ☩☩☩..👁️👁️.... 🐼🐼🐼🐼....Helheim !!!!!

Då vart forsamlinga tagal. Ingen hadde høyrd Geir kvade slik før.

Dette var ei uhøvisk framferd blant skysiglarane meinte Geir. Eldmørja hans hadde han skaffa i Svearike, og derfor var den ofsleg kostsam og spesiell måtte vi skjønna. Forsamlinga tykte dette var ille og ville prøve å finna ut kven det var som hadde teke eldmørja hans Geir.

Fagremøya og Gamalmøya tenkte nok at med nokre hemmelige runerissnigar kunne få fram eit billete av den eller dei som hadde teke eldmørja hans Geir.

Og slik vart resultatet. Me er ikkje viss på kven det er, men sikkert er det at dei står med krukka hans Geir som det hadde vore eldmørje på.

